Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding Ørsta idrettsråd

For perioden 20.06.2019 – 17.06.2020

Årsmøtet i 2019 vart halde i klubblokala til Ørsta IL i Ørstahallen den 19. juni.
Styret i Ørsta idrettsråd i siste periode:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Siri Dahl Masdal	Vartdal TIL
Kasserar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Vidar Kristoffersen	Ørsta symjeklubb
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov	Sæbø IL
1. vara	Sofie N. Bergmann	Ørsta ride- og køyreklubb
2. vara	Caroline Rudi	Hovdebygda IL

Revisorar:

Kristin Woldsund	Vartdal TIL
Wenche Flo	Vartdal TIL
Vara: Bente Ørsal	Ørsta IL
Vara: Rune Hovde	Ørsta IL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Vara: Svein Erik Grevsnes	Åmdal IL

Valnemnd:

Margrete H. Øyehaug (leiar)	Ørsta ride- og køyreklubb
Frode Viddal	Hovdebygda IL
Richard Olsen	Åmdal IL
Vara: Siw Bjørdal Lillebø	Sæbø IL

Representantar til styret i Ørsta idrettspark AS:

Gunnar Knutsen	Ørsta IL
Vara: Jon Helge Bjørndal	Vartdal TIL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 22 medlemslag med til saman 4550 medlemmer, opp frå 4121 året før. Det er ikkje tvil om at Ørstahallen har hatt effekt!

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2019 kr. 808 764 (kr. 791 804 i 2018) til fordeling mellom medlemslaga. Dette er ny rekord! Styret gjer denne fordelinga etter NIF sine føringar og ut frå tidlegare

tildelingar og opplysningar frå idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2017: kr. 50 000
2018: kr. 45 000
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten:
2017: kr. 69 000
2018: kr. 56 000
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta idrettsråd (51 %) og Ørsta kommune (49 %).
Selskapet har vore aktivt med på prosjektering av Ørstahallen, og seinare hatt som hovud-oppgåve å investere i utstyr til denne. Midlane til selskapet kjem frå næringslivet og kommunen.
Selskapet har framleis litt midlar til investering i utstyr også i 2020. Det er diskusjon mellom idretten og kommunen om framtida til selskapet. Dette heng også saman med kva driftsmodell Ørstahallen skal lande på.

Nye Ørstahallen

Den 27. januar 2019 var det opningsfest i den kommunale Ørstahallen. Fleirbrukshallen er på nær 8500 m^2. Den har tre speleflater for hallidrettar, klatrehall med vel 15 meter høgde, friidrettsanlegg, styrkerom, treningsrom, 10 garderobar m.m. Ørsta IL leigar klubblokale i andre høgda.
Hallen er svært godt planlagd, i samråd med brukarane. Dette er ein nær perfekt fleirbrukshall! Det har sidan opninga vore fullbooka på alle speleflatene, og arrangement innan idrett eller kultur nesten kvar helg. Hallen har gitt vekst i inne-idrettane, og gitt rom for å starte nye idrettar i Ørsta (innebandy, bordtennis, turn).
Den nye klatrehallen har gitt god vekst også for klatreklubben.

Fotball

Fotball er den klart største idretten i kommunen.
Det var formell opning av den nye kunstgrasbana på Vartdal 4. mai 2019. Neste byggetrinn er klubbhus/service-bygg ved bana, som er godt i gang.
Hovdebygda IL har planar om ny kunstgrasbane, der grasbana er i dag.
Ørsta IL har planar om ny kunstgrasbane på Mosflata, nær eksisterande anlegg.

Hestesporten

Hestesporten i Ørsta har hatt mellombelse anlegg sidan 1987! Den 8. mars 2019 signerte hestesporten leigeavtale med kommunen om areal på Mosflata. Dei skal disponere 20 mål til ridebane, ridehall, stall/service-bygg. Første byggetrinn vert hall. Deretter kjem ridebane og klubblokale.
Kommunen har opna for massedeponi på Mosflata, for å løfte grunnen om lag 1 meter (flaumfare). Arbeidet går raskare enn mange frykta, det har vore god tilgang på fyllmasser.
Det er tre klubbar innan hestesporten som samarbeider om det nye anlegget, og det er oppretta eit selskap i samband med utbygginga.

Ny symjehall i sentrum

Hausten 2019 vart det starta ei arbeidsgruppe for ny symjehall. Denne skal ligge inntil Ørstahallen. Vidar er vår representant i denne arbeidsgruppa. Vi leverte eit innspel på vegne av idretten, der vi meiner eit utvida treningsanlegg (med tribune) er den beste løysinga for framtida. Prosjektet har no pause fram til kommunestyret gjer vedtak i saka. Med mange store tiltak i kommunen kan det ta nokre år før det nye symjeanlegget er på plass.

Sykling

Ørsta sykkelklubb opna «pump-track» ved Ørstahallen hausten 2019. Den vart ferdig asfaltert no i mai. Frå første dag har det vore stor aktivitet på bana, til langt på kveld. Dette er først og fremst eit anlegg for dei unge, men også vaksne får prøve seg (om dei tør!).
Klubben har vidare planar om eit nærmiljøanlegg ved det nye fonnvernet oppom Vallabøen.

Lokale kurs

I samarbeid med kretsen vart det arrangert kurs i tilrettelegging av para-idrett, i november -19. Vi hadde planar om kurs, og møte med ungdomsutvalet i MRIK, våren 2020. Dette vart stansa av pandemien.

Corona-pandemien

2020 blir eit veldig annleis år også for idretten. Grunna smitteverntiltak vart det full stans i all idrett frå 12 mars. Alle arrangement og samlingar vart også avlyst. Evaluering første år med Ørstahallen vart også utsett.
Utover våren opna samfunnet sakte opp igjen, men vi må rekne med tiltak mot pandemien gjennom resten av 2020. Regjeringa kom med krisepakke til idretten i mai, denne bomma heilt på både breidde-idretten og toppidretten. Fleire idrettslag har store økonomiske tap, også i vår kommune.

Vi er redd mange vil forlate idretten, i eit år med redusert trening og få konkurransar.

Representasjon i 2019

Den nasjonale idrettsrådskonferansen vart arrangert i Ålesund i august. ØIR hadde her den største delegasjonen med heile fire deltakarar.
I 2019 fylte kretsen 100 år, med feiring i Molde i november. Leiar deltok på denne.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Styrearbeidet i perioden

I tillegg til styremøte har styret god kommunikasjon gjennom e-post og telefon. Vi er eit heller aktivt idrettsråd med jamn dialog med kommunen, idrettskrets og medlemslag.

Status for idretten i Ørsta

Det er aukande medlemstal for idretten i Ørsta kommune. Her er mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Den største idretten er fotball.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Dei siste åra er det realisert fleire kostbare anlegg i kommunen: Ørstahallen, fotballanlegg på Vartdal, ny hangar til flyklubben. Og det er framleis høge ambisjonar: ny symjehall, nytt hestesportanlegg og ny fotballbane på Mosflata, kunstsnø-anlegg Bondalseidet m.m. Handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet har mange gode tiltak for å gi kommunen betre og meir varierte tilbod.

Ørsta er særleg god på breiddeidrett. Dei fleste unge er med i idretten. Fråfallet er framleis for stort frå midten av tenåra, men vi har utøvarar på høgt nasjonalt nivå innan friidrett og alpin. Også innan lagidrett er det nokre lag som hevdar seg godt. Det er viktig at også dei med ambisjonar får rom for utvikling.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Avslutning

Styret i Ørsta idrettsråd ønskjer med dette å takke for samarbeidet med medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Vi vil også takke næringslivet for den gode støtta til idretten, og Møre-Nytt som skriv mykje godt om idretten i kommunen.

Ørsta, 17. juni 2020

Erlend Andersen
leiar

Siri Dahl Masdal
nestleiar

Vidar Kristoffersen
Styremedlem

Tone Jøssang
kasserar

Silje Aune Tvergrov
styremedlem